
Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: mandag 22. februar 2021 08:17
Til: 'Lars Hagesæter'
Emne: Utvida klagefrist - Avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 236/20 Askvik

Til Lars Alver Hagesæter

Vi forstår motteken epost datert 19.02.21 som ei førebels klage på avslag på søknad om dispensasjon.

Frist for å supplere klagen vert sett til 24.03.2021.

Vi gjer merksam på at dersom vi ikkje har motteke supplerande klage innan fristen så vert saka avslutta.

Til dykkar informasjon.

Med helsing

Eilin H. Molvik | Rådgjevar byggesak

Telefon: +47 56 37 54 78

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no/ epost: post@alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.

Fra: Lars Hagesæter <lars@kalasbygg.no>
Sendt: fredag 19. februar 2021 15:53
Til: Eilin Houlison Molvik <eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no>
Emne: Avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 236/20 Askvik - spørsmål om klagefrist

Hei.

Grunna tiltakshavar sin jobbsituasjon med rotasjonsordning og pendling, og behovet for ein grundig gjennomgang av saka samt eventuell innhenting av dokumentasjon etter ho er komme heim for å vurdere om ho ynskjer å gå vidare med ei klage, skulle vi gjerne ha utsett klagefristen.

Eg er rett og slett usikker på om vi kan søkje om at klagefristen utvidast, den er vel som utgangspunkt absolutt?
Ser for meg at to alternativ kanskje kan være mogleg, alt etter kva som er mogleg / praksis:

1. Om mogleg at klagefristen vert sett til 24/3-2021, altså 3 veker utover vanleg klagefrist.
2. Eit anna alternativ kan kanskje være at vi sender inn ei kort enkel klage innanfor fristen, og enten trekkjer den eller supplerer med meir informasjon etter at vi har fått gjort ein gjennomgang med tiltakshavar.

Fint om du gjer ei tilbakemelding på om nr. 1 faktisk er mogleg eller om vi bør/må gå for nr. 2.

Med vennlig hilsen

Lars A. Hagesæter | Kålås Bygg AS

Torvhusmyrane 2 | 5913 Eikangervåg | Tlf: 56 35 33 70

Mobil: 45 20 18 19 | Nettside: www.kalasbygg.no

